

Frå Lykling sokneråd

5437 Finnås

Til Det kongelige kulturdepartement.

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vedtak: Sak 55-14: Høyringsuttale om skilje stat-kyrkje.

1. Lykling sokneråd meiner det er viktig at kyrkja framleis skal vera ein felles organisasjon. For å få det til, meiner soknerådet at det nye rettssubjektet må representera Den norske kyrkja på alle nivå: nasjonalt, regionalt og lokalt.
2. Det nye rettssubjektet bør overta arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette. Desse får same tariffavtale og same pensjonsrettar. Oppgåvene kan delegerast til ulike nivå.
3. Soknerådet ser det som viktig at soknet framleis skal vera den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja og eit sjølvstendig rettssubjekt. Me ser det og som viktig at kvart sokn skal ha sin prest.
4. Soknerådet sluttar seg til det prinsipielle i at kyrkja får ei rammeløyving og sjølv fordeler midlane. Fordelinga må likevel ta omsyn til avstandar, infrastruktur og folkesamansetjing, og ikkje berre fordelast etter medlemstal.
5. Trusopplæringsreforma er ei sentral kyrkjeleg oppgåve. Den økonomiske forpliktinga bør lovheimlast særskild, slik at denne reforma kan fullførast.

29.10.2014

For Lykling sokneråd

Johanna Seim Hjelland -sekretær-